



Til sensorar i engelsk og norsk - sentralt gitt eksamen 2016

Sensorskulering 2016 for eksamensregion Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, kallar med dette inn til sensorskulering på Hotel Alexandra i Loen 27. og 28. april 2016.

Målgruppe for skuleringa er alle fagpersonar som er oppnemnde til å vere sensorar ved skriftleg eksamen i grunnskulen i 2016 for begge fylka. Utdanningsdirektoratet står for den faglege gjennomføringa og det blir parallelle kurs i faga matematikk, engelsk og norsk. I tillegg vil Utdanningsdirektoratet ha obligatorisk opplæring for sensorar i ny PAS eksamensadministrasjonsteneste. Sjå elles vedlagde program.

Stad: Hotel Alexandra i Loen

Tid: Start med registrering onsdag 27. april kl. 11:30. Avslutning (lunsj) torsdag 28. april kl.13:00.

Målgruppe: Oppnemnde sensorar i engelsk, norsk og matematikk.

Tema: Vurdering. Eksamen og prinsipp for sluttvurdering, vurdering i faga og drøfting av siste års elevsvar.

Fagansvarlege:

Norsk: Øystein Jetne, fagansvarleg for norsk, Utdanningsdirektoratet

Engelsk: Matilda Burman, fagansvarleg for engelsk, Utdanningsdirektoratet

Matematikk: Gregorios Brogstad, fagansvarleg for matematikk, Utdanningsdirektoratet

Lenkje til elektronisk påmelding: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Sensorskulering-27-28april-2016/>

Påmeldingsfrist: 17. april 2016

Program: Sjå vedlegg.

Økonomi: Kurs og opphald er gratis. Skulen/kommunen må dekkje vikarutgifter og reise.

Vi oppfordrar til samkøyring så langt råd er. Vi legg ved liste over oppnemnde sensorar for å lette dette.

Vi ber om at du informerer rektor/leiinga på skulen om innhaldet i dette brevet. Sjølv om denne skuleringa er frivillig er den ein føresetnad for ein mest mogleg lik sensur. Vi ønskjer difor at alle sensorane deltek, og håper at skulane ser på dette som ei god «etterutdanning» i vurdering for sine lærarar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sender ut denne invitasjonen til sensorane i matematikk, medan Fylkesmannen i Møre og Romsdal sender ut til engelsk- og norsksensorane.

Retningslinjer for sensors arbeid

Som sensor pliktar du å halde deg orientert om og å følgje dei retningslinjene og reglar for sensur som til ei kvar tid blir gitt av Utdanningsdirektoratet. Sjå generelle retningslinjer for sentral sensur: <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen/Retningslinjer-for-sentral-sensur-ved-sentralt-gitt-skriftleg-eksamen-i-grunnskolen-grunnskoleopplaring-for-vaksne-og-vidaregaande-opplaring/>

Anna informasjon

- Vi ber om at du les gjennom og tek med deg eksamensrettleiinga for 2016 i det faget du skal vere sensor i. Eksamensrettleiinga i ditt fag finn du på følgjande link: [https://dok.udir.no/DokumenterAndreKataloger.aspx?proveType=EG&katalog=Sensorveiledninger,vurderingsskjemaer og forhåndssensur for grunnskole&periode=Alle](https://dok.udir.no/DokumenterAndreKataloger.aspx?proveType=EG&katalog=Sensorveiledninger,vurderingsskjemaer%20og%20forh%C3%A5ndssensur%20for%20grunnskole&periode=Alle)
- Vi ber om at dei som ikkje kjenner eksamensoppgåvene frå 2015 i sitt fag, sett seg inn i oppgåvene. Les også førebuingdelen. Desse finn de på: <https://dok.udir.no/EksamensOppgaver.aspx?proveType=EG>

Passord vert sendt ut i eigen e-post.

Spørsmål om sensorskuleringa kan rettast til:

Norsk og engelsk:

Annhild Lorentzen: annahild.lorentzen@fylkesmannen.no Tlf.: 71 25 85 64

Tone Malme: tone.malme@fylkesmannen.no Tlf.: 71 25 85 66

Matematikk:

Karstein Fardal: fmsfkfa@fylkesmannen.no Tlf.: 57 64 31 16

Spørsmål om påmeldinga: fmmrkurs@fylkesmannen.no eller Kjellaug Flusund Finnøy telefon 71 25 80 67.

Vel møtt i Loen!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Annhild Merete Lorentzen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Program og lister over sensorar i alle tre faga

Kopi: Utdanningsdirektoratet v/ Matilda Burman, Øystein Jetne og Magnus Jakobsson